



Arkitektkontoret 4 b

Saksbehandlar, innvalstelefon

Heidi Sandvik, 5764 3151

## Fråsegn til endring av detaljreguleringsplan for Lerum Brygge som forenkla prosess, Sogndal kommune

Vi viser til oversending dagsett 16.12.2020.

Ut frå tilsende dokument forstår vi det slik at saka er tenkt handsama som ei «mindre endring» etter pbl. § 12-14. Føremålet med endringa er å leggje til rette for bygging av tre blokker i staden for fire slik at ein får større avstand mellom blokkene. Endringa vert gjort for å betre utsikta og dagslysforhold, og for å få større uteopphaldsareal. Det vert lagt til rette for eit samanhengande parkeringsareal under alle tre blokkene.

Varsel om mindre endring av reguleringsplan skal sendast oss frå kommunen. Såkalla «mindre endringar», er ikkje å rekna som utarbeiding av ny plan. Dei særskilte saksbehandlingsreglane om varsling mv. (§ 12-8) gjeld derfor ikkje, og det er i staden dei vanlege reglane i forvaltningslova som må brukast. Paragraf 17 mv. i forvaltningslova legg alltid plikta for saksopplysning og behandling på det *offentlege*. Etter som «mindre endring» ikkje er å rekne som «planframlegg», er det derfor kommunen som blir ansvarleg for varslinga etter § 12-14 (3). Reglane er ikkje til hinder for at kommunen let private plankonsulentar varsle «*på sine vegne*».

Vi har ikkje merknader til dei føreslegne endringane. Vi viser likevel til rundskriv H6/17 om kriteria for å vedta endring i reguleringsplan etter ein enklare prosess. Kommunen må vurdere om endringa vil kunne gje uheldige verknader for aktuelle interesser og omsyn, som t.d. natur- og miljø, landskap, friluftsliv og barn og unge, og om den føreslegne planendringa ligg innanfor det som kan handsamast gjennom ein enklare prosess etter pbl § 12-14.

Vi minner også om at kommunen har eit sjølvstendig ansvar for å sjå til at samfunnstryggleiken vert ivareteken i alle planar etter plan- og bygningsloven. Det er krav om risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) ved utarbeiding av planar for utbygging, jf. pbl. § 4-3. Ved endring av eksisterande planar må ROS-analysen oppdaterast.



Ved endring av ein eksisterande reguleringsplan, er det tilstrekkeleg å gjere ei ROS-analyse for dei nye tiltaka som planen legg til rette for. Dersom det tidlegare ikkje er gjennomført ROS-analyse for arealbruksføremåla som blir vidareført, rår vi kommunen til å stille krav om at det vert gjennomført også for desse.

Med helsing

Egil Hauge  
seksjonsleiar

Heidi Sandvik  
seniorrådgjevar

Kopi til:

Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Sogndal kommune	Postboks 153	6851	SOGNDAL